

Har oppdagat ny sopp

■ Alpin soppflora er lite utforska ■ Sei hei til Peziza Nordica

To somrar har han lege på knea og utforska ein bestemt sopp ved Strandavatn i Hol.

LINE SANDVIK
ls@hallingdolen.no

Den begerforma soppen har lang stilk og er brun i farga. Den er funne i eit bekkeleie og veks på vasstrekta daude greiner av fjellbjørk og vier. Er det noko spesielt med denne, tenker du kanskje. Ja, det er faktisk det. Det er rett og slett ein heilt ny sopp. Oppdagat i sørrenden av Strandavatn, like nord for Gurostolen på Myrland. På 950 meter over havet.

- Eg stussa med ein gong eg såg den. Eg trur eg kjänner dei fleste artane av denne typen og visste at nett denne hadde eg aldri sett før, seier soppekspert Roy Kristiansen. Han er ein av få i verda som har spesialisert seg på små begersoppar - i tillegg er soppeksperten ein ihuga mineralog.

Ukjent sopp

Ifolge Kristiansen er det forska lite på den alpine soppfloera. Difor kan det vere høve til å oppdagat nye soppartar. Sjølv har han funne seks heilt nye artar, samt eit hundetals artar som er kjent frå før, men ikkje tidlegare funne i Norge.

Begersoppar (Ascomycteter) finst det over 350 artar av i Norge. Den heilt nye begersoppen kalla Peziza Nordica, fann Kristiansen ved Strandavatn både sommaren 2014 og sommaren 2015. I august begge åra. Soppen blir karakterisert som ein forsommar-art, eller sein vårvart.


- Kva tenkte du då du skjønte at det kunne vere ein ny soppart du fann?

- Eg brukar å seie «dæven», sånn mellom oss. Og så aukar adrenalinet og spenninga. Det blir som spenninga før ein konsern eller fotballkamp, fortel soppfinnaren som har feriert i områda i Hol i mange år. Og nyttar feriane til å undersøke mellom anna sopp og mineralar.

Soppfloraen

Kristiansen har utforska soppfloraen i Norge i 35 år. Han har skrive fleire hundre artiklar om emnet og funna sine. Begersoppen Peziza Nordica frå Strandavatn er den sjette heilt nye arten han har funne og publisert artikkel om.

- Det morosame er at den er så stor. Eg har funne to andre nye soppartar her oppe før. Ein ved Geiteryggen og ein innanfor Bergsjøstølen. Men dei er knøttsmå, fortel Kristiansen. Då han fyrste gong fann soppen Peziza Nordica, i 2014, heldt han soppen frisk til han kom heim.



SOPPFINNAR: Finnaren Roy Kristiansen frå Fredrikstad har undersøkt sopp i fleire tiår. (ALLE FOTO: PRIVAT)



STOR ALPIN SOPP: Den nyoppdagata soppen er forholdsvis stor med sine åtte centimeter.

Eg brukar
å seie «dæven»,
sånn mellom oss.
ROY KRISTIANSEN,
SOPPEKSPERT

- Eg måtte mikroskopere han, sjå på han innvendig. Sjå etter karakteristiske trekk, fortel han som umiddelbart ringde ein kontakt, professor Don Pfister ved Harvard-universitetet i USA. Dette kunne jo faktisk vere ein heilt ny art.

- Professoren vart ganske oppglødd han også, fortel Kristiansen. Han tørka soppen og sende den over til USA.

- Sopp består 90 prosent av vatn. Når me legg den tørka soppen i vatn att og den svell ut, er mikrokarakterane bevart, fortel han. I 2015 var han oppe att på same plassen i håp om å finne eit betre eksemplar enn året før. Og no var det rikeleg.

Sopp-DNA

Ved Harvard i USA er det mellom anna gjort DNA-analyse av soppen til Kristiansen. Dette for å finne slektskap med even-


tuelle nærliggande artar. Slektsskap fann dei, men ingen heilt identiske soppar. Så det vart slått fast at det dreidde seg om ein ny art, så denne vart plassert i «slektstreet». Eit nøyse skildra dokument måtte følge soppen.

- På det årlege wintersopp-treffet på Blindern i februar heldt eg eit lite foredrag om soppen. Kanskje kan fagfolka eller dei andre interesserte finne tilsvarende sopp, håpar Kristiansen som frå før har to soppar og eit mineral kalla opp etter seg. Soppen Lamprospora Kristiansenii, skildra av ein

kjend tyskar på feltet, og soppen Entoloma Kristiansenii (Kristiansens rødspore), skildra av ein kjend hollendar. Mineralet Fredrikstad-mannen oppdagat har fått namnet Kristiansenitt.

Namnet til den nye soppen er relatert slekta, som elles er den største i verda. Peziza er slektsnamnet, Nordica relatert til artsnamnet.

- Eg synest soppen kunne fått eit lokalt namn Peziza Myrlandii, humrar Kristiansen som faktisk er på veg til Hol for å leite meir i fjellet. Kven veit kva som kan dukke opp.



STRANDAVATN: Sommaren 2015 vart ein ny sopptype registrert ved Strandavatn, på grensa til i Hallingskarvet Nasjonalpark.